



# Musikkinstrument

## Dei første instrumenta

Menneske har i lang tid brukt musikkinstrument for å lage musikk. Dei første instrumenta var svært enkle og laga av materiale som tre, skinn, frøkapslar og dyrebein.

Det eldste musikkinstrumentet vi kjenner til, er fløyter laga av bein frå gåsegribb og mammut. Desse 35 000 år gamle fløytene, vart funne i ei hule i Tyskland. Fløyta er som eit røyr og har fleire utskorne hol. Ulike melodiar kunne spelast ved å dekkje til eller opne hola med fingrane. Desse fløytene viser at menneske laga musikk lenge før dei byrja å skrive.



Fløytar laga av reinsdyrbein.  
Foto: Creative Commons



# Instrument no til dags

I dag finst det fleire ulike instrument. Mange barn spelar i korps eller i orkester, medan nokon lagar eige band eller sit på rommet sitt og spelar for seg sjølv.

Det finst kulturskular der du kan lære å spele eit instrument. Kanskje du har fått prøve eitt eller fleire instrument når du har hatt musikk på skulen din?

## Grupper av instrument

Musikkinstrument blir delte inn i grupper etter korleis dei lagar lyd:



**Strenginstrument:**  
lagar lyd når strengene vibrerer (*gitar, fiolin, og piano*).



**Blåseinstrument:**  
lagar lyd når luft blir blåsen inn og skaper vibrasjon i eit rør (*fløyter, klarinett og trompet*).



**Membranofon:** lagar lyd ved å slå på ein stram membran laga av skinn eller syntetisk materiale (*tromme, pauke*).



**Idiofon:**  
lagar lyd når instrumentet blir rista, blir slått eller skrapa på (*xylofonar, triangel*).



**Elektroniske instrument:**  
lagar lyd ved hjelp av elektrisk straum (*synthesizer og elektrisk gitar*).

# Notar

Dei aller første musikknotane vi kjenner til, vart laga for omtrent 4000 år sidan i Mesopotamia. Der skreiv dei musikken sin på leirtavler med kileskrift.

På 1000-talet utvikla munken Guido d'Arezzo ein metode for å notere musikk som gjorde det mogleg å forstå kva tone som skal syngjast eller spelast. Han har fått æra for å utvikle det notesystemet som vi brukar i dag.

Foto: Creative Commons




Foto: Xavier von Erlach, Unsplash

**Notar er små teikn som blir brukte til å skrive ned musikk på papir.**

Dei hjelper oss med å hugse korleis musikken skal høyrast ut, om tonane skal vere lyse eller djupe og kor lenge kvar tone skal spelast.

Vi teiknar notane på fem vassrette linjer som ligg over kvarandre. Ein note kan teiknast på ei linje, mellom to linjer, eller til og med utanfor linjene. Lyse tonar blir teikna på dei øvste linjene og djupe tonar på dei nedste. Forma på nota viser kor lenge tonen skal spelast. Så når du ser notar, kan du tenkje på dei som musikken sitt eige alfabet.



# Kvifor er musikk så viktig for mange menneske?


**Musikk kan bety mykje. Musikken vi likar kan gjere oss glade, fordi han stimulerer hjernen vår til å produsere dopamin. Dopamin er eit stoff som gir oss kjensler av glede og påskjøning.**

Forskarar har oppdaga at musikken blir ekstra sterk og gir ekstra mykje glede når vi deltek på live-konsertar saman med andre, samanlikna med å lytte til eit opptak heime.

Tenk på når du ser ein film. Dramatisk musikk til ei spennande scene kan få hjartet ditt til å slå raskare og du blir kanskje til og med redd! I motsett fall kan sakte og mjuk musikk under ei trist scene få deg til å kjenne deg trist. Filmskaparar er nøye når dei vel musikk, slik at det skal passe perfekt til det som skjer på skjermen og få fram dei rette kjenslene hos oss som ser på. Når du går inn i ein butikk, kan du leggje merke til bakgrunnsmusikken. Butikkeigarar vel musikk som får kundane til å kjenne seg glade og avslappa, noko som kan få dei til å vere meir i butikken og bruke meir pengar.

Visste du at du brukar den same staden i hjernen når du høyrer på musikk som når du snakkar? Det er derfor det kan kjennast naturleg for oss å like musikk. Å lytte til musikk trenar også den delen av hjernen som blir brukt til språk. Forsking viser at små barn som regelmessig lyttar til musikk, ofte utviklar betre språk.

Så, å lytte til musikk er ikkje berre underholdande, det er også superbra for hjartet og hjernen din.



Nokre gonger, når du ikkje veit korleis du skal uttrykkje kjenslene dine med ord, kan musikk gjere det for deg. Roleg musikk kan også gi deg auka konsentrasjon slik at du hugsar betre.

# Oppgåver

- 1 Kva var dei første musikkinstrumenta laga av?
  - 2 Teikn ei enkel skisse av det eldste instrumentet som er funne.
  - 3 Lag ein definisjon og forklar kva ein note er.
  - 4 Kven har fått æra av å ha funne opp notesystemet?
  - 5 Nemn tre ting som er positivt med musikk.
  - 6 Kva trur du er grunnen til at musikk er viktig i filmar?
  - 7 Søk opp ordet "muzak" og skriv ei forklaring på kva dette ordet betyr.
  - 8 Samanlikn alle svara dine med ein læringsvenn. Har de like eller ulike forklaring?
- 

# Oppdrag

Vel ut ein dag du skal forske på musikk. Denne dagen skal du notere deg alle gongene du høyrer musikk. Du må vere i skikkeleg forskarmodus, slik at du får med deg når det blir spelt musikk!

- 1 Kor ofte trur du at du vil høyre musikk i løpet av ein dag?
- 2 Kva vart resultatet?
- 3 Skriv opp minst 3 ulike stader du høyrde musikk
- 4 Var det nokon stader du vart overraska at det var musikk? Fortell!

